Nynorsk AVISSENTER

STATUSRAPPORT

Mars 2024



MIDT I BYEN: *Førde ein kald januardag. Kull 22 markerer det 11. året til Nynorsk avissenter, som no har flytta inn i Nynorskhuset sentralt i byen. Frå v. Marita Liabø, Johan Knutsen, Eros Coratti og Oda Sundgot.* **FOTO: INGUNN OSLAND**

Ordet fer vidare enn mannen
Ivar Aasen

STIFTINGA NYNORSK AVISSENTER: Tek kvart halvår inn fem journalistpraktikantar som får fire månader opplæring i Firda Media i Førde og deretter to månader praksis i ønskt avisredaksjon. I Førde får dei over 20 førelesingar og kurs, mellom anna i språk, etikk, journalistisk metode, undersøkande journalistkk, foto og video. 97 er lært opp sidan starten i 2013, og fleirtalet har journalistisk arbeid i dag. Nynorsk avissenter skal styrkje rekruttering, nyskaping og utvikling i medium som publiserer på nynorsk. Mediebedriftenes Landsforening (MBL), Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) og Firda Media (Amedia) står bak stiftinga, som samarbeider tett med NRK Nynorsk mediesenter. Opplæringa er finansiert av Kulturdepartementet og Firda Media.



TETT SAMARBEID: *Ingunn Osland frå Nynorsk avissenter, Rune Fossum Lillesvangstu frå NRK Nynorsk mediesenter og Margunn Grytten Selvik frå Teater Vestland.* **FOTO: ARNE STUBHAUG. NRK**

Nynorskhuset – ein ny kvardag!

FØRDE: Livet i det nye Nynorskhuset er samlande, inkluderande og spennande.

Sommaren 2023 flytte Nynorsk avissenter, saman med vertsavisa Firda, frå 80-talsbygget på Øyrane til nye lokale midt i Førde sentrum.

Nynorskhuset samlar bedrifter i Førde som formidlar på nynorsk: Firda, NRK, Teater Vestland, NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter. Dei to sistnemnde held til på «hylla», den halve andreetasjen med utsikt til atriet i huset. Opplæringssentera blir gjerne skildra som hjartet i huset. Her kjem det til saman 20 unge praktikantar i løpet av eit år. Nytt engasjement, ny kunnskap og nye fjes påverkar i stor grad dei etablerte bedriftene som også held til i huset. På ein positiv måte.

Frå januar 2025 skal Teater Vestland også starte opp eit liknande opplegg for scenespråk. Det blir spennande, og vi ønskjer dei velkomne inn i hjartet av Nynorskhuset.

Ei god løysing

Då elektrikarar og snikkarar surra rundt i lokalet vårt ei veke før praktikantane skulle møte i august, samstundes som vi mangla både eitt og hitt, kjente vi litt på stresset. Men, det ordna seg. Handverkarane visste kva dei heldt på med og vart ferdige. Kjell Ove Nordeide heiv seg i bilen og tok turen til Ikea i Åsane for å få tak i det vi trong, og i rekordfart vart vi klare til å ta imot praktikantane.



Nynorsk avissenter sitt undervisningslokale ligg i andre etasje. Firda sin redaksjon ligg i fjerde. Uroa over at det blei langt mellom, vart fort gløymt. Praktikantane har eigne arbeidsplassar i Firda-redaksjonen, og å skilje undervisning og arbeid for Firda vart meir naturleg enn nokon gong. Praktikantar, lærarar og redaksjonen i Firda har komme minst like nær kvarandre, og har eit veldig godt samarbeid i dei nye lokala.

Gode naboar

Vegg i vegg med Nynorsk avissenter held NRK Nynorsk mediesenter til. Dette fører til at det er lettare for praktikantane å bli kjende med kvarandre og å få ei fellesskapskjensle. Vi møtest på gangen og ser kvarandre gjennom glasveggene. Og det kanskje aller viktigaste: Vi samarbeider meir enn før. Mellom anna har Kjell Ove Nordeide frå avissenteret eit språkkurs som går over alle dei fire månadene praktikantane er i Førde. Dette har vi også innlemma mediesenteret i. Til gjengjeld får våre praktikantar delta på fleire av deira opplegg, som videoundervisning og øving på kva journalisten gjer «når det smell».

Samarbeidet held fram, alt frå felles kurs og undervisning, til felles turar. Det har vi to av i løpet av eit semester. Ein to-dagar lang tur går til Bergen for å besøke mediebedrifter der, og ein dagstur går til staden der nynorsken kjem frå – Aasentunet i Ørsta.

Første kull i Nynorskhuset

STATUS: Nynorskhuset har vore stikkord for 2023. Flytting frå Firda-bygget på Øyrane og innflytting i Nynorskhuset i sentrum – ei endå større nynorskboble!



21. AUGUST: *Første dag på Nynorsk avissenter for kull 21, første kull i Nynorskhuset.*
FOTO: KJELL OVE NORDEIDE

Ti praktikantar fekk opplæring i Nynorsk avissenter i 2023. Dei fleste er i journalistisk arbeid.

Kull 20

Dei fem i kull 20 våren 2023 var dei siste som fekk opplæringa på Øyrane. Dette driv dei med i dag:

JONAS YANG TISLEVOLL hadde praksisen sin i Framtida i Oslo, før han sette kursen til Kristiansand og sommarjobb i Fædrelandsvennen. Derifrå reiste han til Sør-Korea, der han var hausten 2023 for å fullføre eit dokumentarprosjekt han starta på før opphaldet i Førde. Etter nyttår starta han i fast jobb i avisa Sunnhordland.

MARITA HAUGSVÆR hadde praksis i TV2, der ho også hadde sommarjobb. Ho har sidan hausten 2023 vore på reis, meir eller mindre jorda rundt. Erfaringane frå Nynorsk avissenter, TV2 og turen rundt om i verda tek ho med når ho søker journalistjobbar.

ANNE LOTTE OGNEDAL hadde praksis i Dalane Tidende. Der hadde ho også sommarjobb og eit vikariat utover hausten 2023. Ho jobbar no som bibliotekar i Bjerkreim.

FRIDA RYSTAD AUNE hadde praksisen sin i Klassekampen. Ho jobbar no som seniorkonsulent på Lovisenberg diakonale høgskule.

ELINE KRØVEL hadde praksis og sommarjobb i Nynorsk pressekontor. Hausten 2023 tok ho til på masterstudium i nordisk språk og litteratur, samstundes som ho jobbar deltid for NPK.

Kull 21

Praktikantane i kull 21 hausten 2023 har nettopp avslutta praksis:

PERNILLE EKORNRUD GRØNDAL har hatt praksis i Dag og Tid. Ho har fått eit vikariat i same avis fram til sommaren. Sommaren skal ho bruke i ei anna Oslo-avis, Klassekampen, der ho har fått sommarjobb.

RONJA ÅRSKAUG VALLESTAD har hatt praksis i Sogn Avis. Dei har klart å lappe saman eit vikariat til ho fram til oktober 2024. Deretter håpar redaktøren å finne vidare jobb til Vallestad.

MARIE OLDERKJÆR har praksis i Bø Blad fram til påske, men har allereie fått signal om at ho får forlenga jobb, i første omgang ut april.

JOSTEIN FAGERLAND har hatt praksis i Bergens Tidende. Han har fått sommarjobb i same avis, og har tilbod om å vere tilkallingsvikar i avisa.

EMIL ASKVIK HOSØY har hatt sin praksis i Klassekampen. Frå praksisen gjekk han rett i fast jobb i avisa Nordhordland i Knarvik like utanfor Bergen.

Søkartala

Talet på søknader ser ut til å stabilisere seg på rundt 20 per kull. Dette er godt under dei tala vi såg under koronaepidemien, då vi hadde rekordmange søkarar. I 2023 hadde vi 18 søkarar til kull 20, og 20 søkarar til kull 21.

Vi ser også at det er fleire søkarar til kullet som har oppstart i august enn til det kullet som har oppstart i januar. Til kullet vi no har under opplæring, hadde vi 17 søkarar.

Kvar kjem dei frå?

Vi har overvekt av søkarar frå Vestland, og flest frå den delen som før var Hordaland. Vi ser også at Rogaland og Møre og Romsdal er heimfylke til mange søkarar. Det speglar posisjonen nynorsk har i vestlandsfylka. Trøndelag og Oslo med omland er også område vi har relativt mange søkarar frå.

Til sommaren 2024 har vi lært opp til saman 97 praktikantar ved Nynorsk avissenter. I søknadsbunken har alle landets fylke vore representerte, men over halvparten kjem frå Vestland åleine.

Vestland:	**55**
Rogaland:	**14**
Møre og Romsdal:	**9**
Trøndelag:	**7**
Viken:	**4**
Nordland:	**2**
Agder:	**1**
Innlandet:	**1**
Oslo:	**3**
Andre:	**1**

Kva gjer dei i dag?

Godt over halvparten av til saman 88 praktikantar hadde ved årsskiftet journalistisk arbeid. På andreplass kjem kommunikasjonsstillingar, både i offentlege og private verksemder. Vi finn journalistar som har hatt opplæringa si i Nynorsk avissenter både i aviser, magasin, TV og radio. Og vi finn kommunikasjonsfolk i mellom anna regjeringskvartalet, universitet og høgskular i tillegg til i store og små private verksemder. Vi ser at det er viktig å få nynorsk inn også på desse arbeidsplassane. Under kan du sjå prosentvis fordeling av dei 88 som hadde fullført opplæringa ved utgangen av 2023:

Journalistikk:	**52,5**
Kommunikasjon:	**19,0**
Vidare utdanning:	**8,0**
Undervisning:	**7,4**
Anna:	**13,1**



SVALBARD: *Vilde Ferah Molven ville kombinere praksis med eit eventyr og søkte praksisplass her.* **FOTO: INGUNN OSLAND**

Vilde tok praksis langt nord

LONGYEARBYEN: Nakenbading før jobb, intimkonsert med Patty Smith og tett på russarar. Praksistida til Vilde Ferah Molven vart minnerike månader.

- Eg ville kombinere praksisen med eit eventyr. Dette var ei gyllen moglegheit til å oppleve ein ny plass, seier Vilde Ferah Molven.

Bergensaren gjekk på Nynorsk avissenter våren 2023. Dei to siste månadene av opplæringa består av praksis i ei valfri avis. Molven tok då eit utradisjonelt val: Svalbardposten.

- Eg var nysgjerrig på staden. Og som journalist er det enklare å lære for då kan ein stille mange dumme spørsmål.

Trassa råd frå turistforeininga

Avisa har kontor i Longyearbyen, så der oppheldt ho seg mest. Molven fortel at transporten stort sett går føre seg på scooter eller båt.

- Det vart ei avgrensing. Eg føler meir at eg har vore i Longyearbyen enn på Svalbard.

Men ho fekk mellom anna reist til Barentsburg på reportasje. Då trassa ho råda til turistforeininga om ikkje å nærme seg dei russiske innbyggarane i området.

- Eg var ikkje tenkt å reise dit, men reportasjen handla om at det framleis finst reisebyrå som tilbyr turar til dei russiske områda, så eg reiste for å snakke med turistane som reiser der no.

Intervjua helten sin

Eit anna minne frå jobben var intervju med rockelegenda Patti Smith, som hadde konsert for rundt 500 tilskodarar på Svalbard medan Molven var der.

- Ein må kunne kalle det ein intimkonsert, seier ho.

Smith snakka mellom anna om havet, naturen, klima, fridom og trua på mennesket. Molven fekk ei god sak og fekk også møte sin store helt.

På Svalbard er det ikkje berre morgonkaffien som gjeld for å starte dagen, viser det seg:

- Vi starta ofte jobbdagane med nakenbading i havet. Friluftsbading står sterkt der, seier Molven.

Skriv om oppdrettsnæringa

Etter praksistida på to månader fekk ho halde fram å jobbe utover sommaren. På hausten flytta ho tilbake til heimbyen Bergen og fekk seg jobb i IntraFish, ein nettstad med nyheiter om oppdrettsnæringa.

- Eg kunne ikkje noko om oppdrett på førehand, så det var litt tungt i starten. Men det har gått overraskande bra etter kvart. No likar eg meg veldig godt.

Fest tre dagar til ende

Opninga av Nynorskhuset i 2023 vart feira med ein skikkeleg fest.

Praktikantane ved Nynorsk avissenter var viktige og gjorde ein kjempejobb under dei tre opningsdagane i Nynorskhuset. Dei stilte som billettørar, publikumsvertar, parkeringsvakter, matansvarlege og omvisarar. Innsatsen dei gjorde saman med praktikantane på mediesenteret, var heilt avgjerande for logistikken.

Vel 3000 menneske var innom Nynorskhuset, og sjølve opningsdagen 28. september var 400 samla i 1. etasje. At nokon hadde kontroll både på kvar folk var, kven som kom og gjekk, og at alt fungerte som det skulle, var heilt avgjerande for suksessen desse dagane.



NYNORSKHUSET: *28. september 2023.* **FOTO: EINAR LUNDSØR, FIRDA**



JUBILEUM: *På veggen heng bilde av alle dei som til no har vore praktikantar på Nynorsk avissenter. Slik fekk også dei som ikkje kunne vere med i Førde denne kvelden, vere med på feiringa. Bak frå venstre: Ingunn Osland, Tobias Bratvold Lucey, Øystein Silde Frønsdal, Kjell Ove Nordeide, Ronja Årskaug Vallestad, Jostein Fagerland, Natalie Liabø Hermansen, Camilla Aasen, Synne Muren Olsen, Frode Grimelid, Elsa Marie Di Valerio, Hallgeir Berge, Ivar Bruvik Sætre og Ivar Myklebust Longvastøl. Framme sit Siri Helle, Pernille Ekornrud Grøndal, Emil Askvik Hosøy og Eirin Eriksen Horvei.* **FOTO: SANNE SLÅTTEN, FIRDA**

Nynorsk avissenter feira 10 år

Nærmar seg 100 praktikantar

FØRDE: I slutten av oktober feira Nynorsk avissenter at det har gått ti år sidan oppstarten i 2013.

Mimring og mingling var dei to viktigaste faktorane då Nynorsk avissenter inviterte til 10-årsjubileum. Vi samlast i dei nye lokala i Nynorskhuset, og kosa oss med god mat, god underhaldning, og ikkje minst gode samtalar.

Dei snart 100 som har fått opplæring i NA er ettertrakta arbeidskraft, først og fremst i aviser, men også i TV-kanalar, og innanfor kommunikasjon.

NA får årleg om lag 3,5 millionar frå Kulturdepartementet. Vi har også eit viktig samarbeid med Firda og Amedia. Dette gjer oss i stand til å lære opp 10 nynorskskrivande jorunalistar i året.

Vi ser at det er eit behov hos redaksjonane, og at praktikantane får jobb.



SPRÅKLEG MORO: *Språk er spannande, og walisisk kan vere vanskeleg, men både Arian Engebø og Halvor Folgerø kan faktisk lese det som står på «lappen» som Linda Eide og Gunnstein Akselberg held opp.* **FOTO: INGUNN OSLAND**

Språkkonferanse vart suksess

FØRDE I samband med opningsdagane for Nynorskhuset arrangerte Teater Vestland, NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter språkkonferanse.

Opninga av Nynorskhuset vart feira tre dagar til ende. Dag to stod nasjonal språkkonferanse på programmet. Den fekk namnet «Nynorsk i rampelyset».

Arian Engebø og Harald Thingnes, begge kjende frå NRK og oppvaksne i Sunnfjord, stilte som programleiarar. Vi hadde hyra inn tidlegare praktikantar, teatersjefar, forfattarar, Ingvild Bryn, Sigrid Moldestad og andre nynorskbrukarar til dei ulike innslaga. Teatersalen var så å seie full, og programmet vart godt motteke. På sosiale medium kom det kommentarar som: «Fantastisk bra!! Rørt til tårer på slutten, av Sigrid sin song og tanken på kor viktig dette huset blir framover! Stolt på dykkar vegner!»

Fersk undersøking

Arrangørane hadde i framkant bestilt ei undersøking om nynorskbruk. Den vart gjennomført av Norstat og henta inn sommaren 2023. Undersøkinga viser at berre 56 prosent av nynorskbrukarane føler at det er akseptert å skrive nynorsk i lokalsamfunnet sitt.

5200 personar svarte på undersøkinga, og resultatet vart lagt fram på språkkonferansen. To tredelar av nynorskbrukarane er stolte over å bruke nynorsk. Det er positivt. Litt kjedelegare er det at vel 16 prosent av nynorskbrukarane har fått negative tilbakemeldingar for nynorskbruken sin siste året.



NYNORSK I RAMPELYSET: *Konferansen vart godt motteken, både av panel-deltakarar og publikum.* **FOTO: INGUNN OSLAND**

Språksjov samla fulle hus

I etterkant av konferansen var det «Språksjov» med Linda Eide, Gunnstein Akselberg og Sjur Hjeltnes. Dei brukte gjestar som tidlegare på dagen hadde vore med på språkkonferansen.

Arrangementet var så populært at det måtte settast opp to framsyningar denne kvelden. Og innhaldet, det var eksklusivt. Dette var eit «Språksjov» utan opptak, som berre dei som var i salen fekk oppleve.

Camilla fekk fast jobb i Nationen

OSLO: – Det er viktig å skrive om dei rundt om som blir påverka av politikken i Oslo, seier Camilla Brugrand.

Ho hadde første arbeidsdag i Nationen 1. juni i fjor. Før dette jobba ho seks og eit halvt år i Dagens Perspektiv, ei vekeavis som fokuserer på leiing, samfunnsstyring og arbeidsliv.

– Ikkje berre jordbruk

– Kvifor Nationen?

– Eg synest saksområdet deira er veldig spennande, seier ho.

Nationen kallar seg distrikta si næringsavis og er opptatt av tema som landbruk og korleis nasjonal eller internasjonal politikk påverkar Distrikts-Noreg.

– For tida ønsker vi å løfte fram ulike sider av distriktspolitikken. Etter drapsbølga som har vore i Distrikts-Noreg, ser vi på kva tilbod som finst på bygdene, til dømes krisesenter. Vi ser også på helsetilbodet i Nord-Noreg. Det er ikkje berre jordbruk vi skriv om, seier ho.

Brei erfaring

Brugrand har gjennom karrieren hatt ulike engasjement i Sogn Avis, Porten.no, Framtida.no, The Independent, The Financial Times, Firda, Bergens Tidende og Klassekampen.

– Eg har jobba ein del med distriktsspørsmål i Sogn Avis og Firda, så eg kjenner jo godt til saksområdet, seier ho.

Då ho nyleg tok seg ein tur heim til Lærdal, kombinerte ho turen med å lage Nationen-reportasjar frå Sogn.

– Det har vore eit litt underdekt område for avisa, seier ho.

Brugrand spøker med at ho sjølv flytta ut av Oslo og ut i distriktet på hausten i fjor.

– Eg flytta til Kolbotn på hausten, så no er eg blitt pendlar, seier ho.



TIDLEGARE PRAKTIKANT: *Camilla Brugrand var del av det femte kullet hos Nynorsk avissenter. Ho tok den halvårige opplæringa hausten 2015.* **FOTO: PRIVAT**



Kulturministeren på besøk

Kulturminister Lubna Jaffery besøkte Nynorskhuset og Nynorsk avissenter fredag 2. februar.

– Kulturministeren var godt orientert om korleis vi jobbar, og uttrykte at ho var imponert over det vi får til. Veldig kjekt å få slike tilbakemeldingar, seier dagleg leiar Ingunn Osland (bildet).

Statsråden snakka varmt om nynorsk og kor viktig det er at norske journalistar kan nynorsk, og brukar det i både nasjonale og lokale aviser.

Ho tok seg også tid til å helse på praktikantane og var interessert i både kvar dei kom frå, kva bakgrunn dei hadde, og kva framtidsplanar dei har.



UTOVER NATTA: *Dagny Backer Johnsen var med å lese fem stykke. Dette bildet er frå «Vakkert».* **FOTO: SKJERMDUMP FRÅ NRK**

Dagny las Fosse-stykke på direkten heile natta

– Lærte mykje hos avissenteret

BERGEN: Skodespelaren frå Bergen seier ho har fått stor nytte av opplæringa hos Nynorsk avissenter.



KULL 17: *Hausten 2021 starta Dagny Backer Johnsen på opplæringa ved Nynorsk avissenter saman med frå v. Robin Leander Wullum, Jesper Hommefoss Johnsen, Gunnhild Lønning og Solveig Høegh-Krohn.* **FOTO: KJELL OVE NORDEIDE**

- Eg klarte å halde fokuset oppe, men eg har gjespa mykje på TV, seier tidlegare Nynorsk avissenter-praktikant Dagny Backer Johnsen og ler.

Viss du følgde med på NRK si Jon Fosse minutt-for-minutt-sending i fjor, kan det hende du såg Johnsen i aksjon. Skodespelaren var med på å lese fem Fosse-stykke i natte- og morgontimane.

Var litt nervøs

- Under det første stykket var eg litt nervøs, men ein gløymer kameraet etter ei stund. Då finn ein «flowen», seier ho.

Bergensaren har drive med skodespel sidan ho var lita. No jobbar ho frilans etter at kontrakten med Den Nasjonale Scene nyleg gjekk ut.

- Eg lærte mykje hos Nynorsk avissenter som eg får bruk for no, seier ho.

Sjekka journalistikken

Hausten 2021 tok Johnsen nemleg eit avbrekk frå skodespelarlivet for å gå gjennom opplæringsløpet til Nynorsk avissenter. Ho ville sjekke ut om journalistikk kunne vere eit alternativ.

Johnsen enda opp med å halde fram med skodespel, men dei seks månadene i Førde og praksis i Oslo var ikkje forgjeves, seier ho:

- Eg har blitt veldig god i nynorsk, i tillegg til at eg er blitt betre på tekst. Setningar er gjerne meir aktive og rett fram på nynorsk, så det har hjelpt meg i å skrive potente og aktive setningar når eg skriv.

Ved sida av skodespeljobbinga har Johnsen fleire prosjekt på gang. Ho utforskar for tida moglegheitene for å lage ein kortdokumentar.

Ho har også skrive filmmanus til ein spelefilm og har ein idé til ei bok ho vil skrive etter kvart.

- Når eg jobbar med kortdokumentaren, får eg brukt ting eg har lært frå tida i Førde, som å ta kontakt med folk, finne ut om noko er ein god «story» og selje det inn til eit filmselskap.

Tobias møtte bygdedyret då han skulle teste hamburgarar

– Eg står for kvart einaste ord

FØRDE: Den tidlegare praktikanten ante ikkje kva han hadde i vente då han prøvde seg som matmeldar.

- Ikkje undervurder bygdedyret eller lokalpatriotisme, seier Tobias Bratvold Lucey (27).

Han fullførte opplæringsløpet til Nynorsk avissenter våren 2022. I ettertid har han jobba ein periode i nettavisa Porten, og han budde då i Årdal.

I fjor valde han å ringe redaktøren i Firda for å høyre om det var ei stilling ledig til han.

Større miljø

- Eg ønskte ei forandring og ville bli del av eit større fagmiljø, grunngir han.

Lucey fekk jobb og flytta til Førde. Nokre månader inn i den nye jobben hamna han i ein lunsjsamtale som skulle bli skjebnesvanger.

- Vi hadde ein uformell diskusjon om kor ein kunne få tak i dei beste kyllingvengene i Førde, seier 27-åringen, som er halvt amerikansk.

Etter kvart endra temaet seg til hamburgarar. Og då dukka ideen opp: Kva med å la Lucey ete seg gjennom byens burgarar, skrive matmeldingar undervegs og til slutt kåre ein vinnar?

«Gjennomsnittleg kvalitet»

Ideen vart verkelegheit. Først ut i artikkelserien var det folkekjære gatekjøkkenet Aba's Inn.

Som tittelen «Gatekjøkenmat av gjennomsnittleg kvalitet» kunne hinte om, vart det ikkje høg skår.

Lucey pirka på både restaurantnamnet sin apostrof, møblementet og plasseringa av salaten utanfor burgaren. Reaksjonane let ikkje vente på seg.

- Eg var i Spania då den første matmeldinga vart publisert. Det var bevisst. Den første kommentaren som kom var faktisk positivt, men deretter gjekk det rett nedover, seier han og ler.

– Det tok jo heilt av

Mange lesarar hegna om det gatekjøkkenet, der dei kanskje hadde hatt deltidsjobb, møtt ein kjærast eller hange i ungdomstida. Nokre humra over dei fargerike formuleringane til journalisten, medan andre kritiserte han for å vere for negativ. Det vart også slengt drit mot journalisten og avisa i kommentarfelta.



MATMELDAR: *Tobias Bratvold Lucey har sansen for ein god burgar. Han fekk brukt interessa si i ein burgartestserie for Firda.* **FOTO: KARITA SØGNEN HAUGSBØ**

- Det tok jo heilt av, seier Lucey.

Han seier han hadde Firda-leiinga i ryggen heile vegen, og han set pris på det.

Heldt på roa

Engasjementet frå lesarane heldt fram gjennom heile den 16 artikkel-lange burgarserien. Det vart oppretta eit burgarlunsj-arrangement på Aba's Inn for å støtte gatekjøkkenet. Journalisten vart intervjua på radioen, og Sogn Avis skreiv sak om mannen som flytta frå Årdal til Førde og vart byens mest hata person.

- Eg klarte å bevare roa. Eg kan heldigvis separere kommentarfelt frå den verkelege verda, seier han.

Sjølv om dei negative meldingane fekk mest merksemd, skal det nemnast at Lucey også applauderte enkelte burgarar. Vinnaren av kåringa vart restauranten Laxen på Sunnfjord Hotel & Spa.

- *Kva kjenneteiknar eigentleg ein god burgar?*

- Det gjer ingenting om kjøtet er knadd litt, og at det ikkje er ein «frosen frisbeedisk». Karamellisert løk og bacon er frykteleg godt. Det same er ein god ost. Og briochebrød. Enn så viktig er det at pommes frittes-en er salta før servering.

Noko har han lært

Leksjonen han sit igjen med er at ein aldri skal undervurdere verken bygdedyret eller lokal patriotisme.

- Forvent at folk kjem til å vere enormt ueinige med deg, seier han som tips til andre som vil prøve å melde mat.

- *Ville du vore mjukare i formuleringane om du kunne reist tilbake i tid?*

- Eg står for kvart einaste ord eg har skrive, seier Lucey.

Møttest i Førde frå nord og sør

KULL 21: Sjølv om alle fem praktikantane har tilknyting til Vestlandet, kom dei til Førde frå ulike stader i landet – og verda – frå Svalbard i nord til Sør-Afrika i sør.



HAUSTEN 2023: *Bak frå venstre Marie Olderkjær, Pernille E. Grøndal, Ronja Årskaug Vallestad, Jostein Fagerland og framme Emil Askvik Hosøy utgjorde kull 21 som var tilsett frå 21. august 2023 til 1. mars 2024.* **FOTO: INGUNN OSLAND**

RONJA ÅRSKAUG VALLESTAD (2002) FRÅ SUNNFJORD

Dette seier ho om seg sjølv: Eg heiter Ronja Årskaug Vallestad, og er 20 år. Eg er oppvaksen på Viksdalen i Sunnfjord. På vidaregåande tok eg eit år på media og kommunikasjon I Førde, før eg bytte til studiespesialiserande på Sandane.

Etter vgs. flytta eg til Svalbard for å gå på ekspedisjonslinja på folkehøgskulen der. Eit år blei til to, og andre året vart stipendiat på same skulen. Eg har stor interesse for friluftsliv, og ein kjærleik for naturen og miljøet rundt meg. Desse interessene har blomstra på Svalbard. No ønskjer eg å prøve ut journalistikk for å lære meir om korleis eg kan formidle historier og nyhende om ulike menneske. Journalistikk er ein svært viktig del av samfunnet som eg ønskjer å bidra til at blir meir nynorskinkluderande.

JOSTEIN FAGERLAND (1995) FRÅ KARMØY

Gjennom studietida mi i Trondheim, Sogndal og Bergen har eg utdanna meg til å bli adjunkt. Eg fullfører masteroppgåva mi i historie våren 2023 i hovudstaden. I fleire år har eg hatt eit ønske om å prøve meg som journalist. Dette fekk eg moglegheit til gjennom eit sommarvikariat i Haugesunds Avis i 2022, og erfaringane derifrå overtydde meg om at dette var vegen eg ville gå.

Ikkje minst ser eg på denne praktikantstillinga som ei moglegheit for å ta tilbake nynorsken, som gjennom heile grunnskulen og vidaregåande skule var mitt hovudmål, men som siste åra i for stor grad har vike plass for bokmål. Eg reknar nynorsk framleis som mitt hovudmål og eg ser fram til å utvikle det i kvardagen, ikkje minst i jobbsamanheng.

PERNILLE EKORNRUD GRØNDAL (1990) FRÅ BERGEN

Eg kjem opphaveleg frå Asker i Viken, men har budd dei siste tolv åra i Bergen. Akkurat no bur eg i Lofoten og er på halvårskurs med Nordnorsk klatreskule. Eg har studert juss på UiB, og har jobba som jurist med helserett hos Statsforvaltaren i Vestland og med personvern i SIKT. Tidlegare har eg òg studert psykologi ved NTNU i Trondheim.

Eg har alltid vore interessert i tekstarbeid og samfunnsaktuelle spørsmål, noko som blei ytterlegare forsterka då eg var med i tidsskriftet Fett som student. Derfor har eg no lyst til å prøve meg som journalist. Eg meiner at språk formar røynda vår og er med på å skape, halde oppe eller endre maktstrukturar.

Eg har vore så heldig å oppdage nynorsk i jobbsamanheng og gjennom skjønnlitteratur. Slik har eg verkeleg fått auga opp for kor viktig nynorsk er for norsk språkkultur og -identitet.

EMIL ASKVIK HOSØY (1998) FRÅ GULEN

Eg kjem til journalistikken gjennom min bakgrunn i historie. For meg er journalisten den første historieskrivaren. Historie har alltid vore ei av mine viktigaste interesser, og då eg skreiv mastergraden min om tyrkiske avisteikningar på 1930-talet, spissa denne interessa seg for alvor mot journalistikk. Eg fann ut at eg ikkje lenger berre ville lese nyhenda, men også vere med på å skrive dei. Og når eg så først bestemte meg for at det var nyhende eg ville skrive, så måtte eg sjølvsagt skrive dei på nynorsk.

Eg vaks opp på Byrknes, ei lita bygd ytst i Sognefjorden, og nynorsk er det einaste målføret eg har. Trass i eg har budd lenge i Oslo og Tyrkia, har eg strekt meg langt for å halde på både nynorsken og dialekta mi.

MARIE OLDERKJÆR (1996) FRÅ KVINNHERAD

Eg kjem frå Sunde i Kvinnherad. Det siste året har eg budd i Stellenbosch i Sør-Afrika medan eg fullfører ein bachelorgrad innanfor internasjonale studiar. No kjenner eg meg derimot klar for å flytte heim att til gamlelandet for nye utfordringar. Studietida mi har verkeleg vekt interessa mi for å skrive, og derfor ønsker eg å få moglegheit til å bli journalist. For meg har det alltid vore naturleg å skrive på nynorsk.

Eg er svært interessert i politikk, samfunn og historie. Som person er eg nysgjerrig og eventyrlysten, og eg har brukt mykje tid på å reise rundt i verda. Før eg flytta til Sør-Afrika har eg òg hatt eit studieopphald i Ghana og jobba frivillig både i San Francisco og Kenya, og i tillegg besøkt mange andre land.



VÅREN 2024: *Dei fire i kull 22 er frå venstre Marita Liabø, Johan Knutsen, Eros Coratti og Oda Sundgot. Dei starta i Førde 3. januar, og i mai og juni ventar praksis i Bergensavisen, Framtida og Nationen.* **FOTO: INGUNN OSLAND**

Enda opp med fire praktikantar

KULL 22: Då kull 22 skulle starte 3. januar 2024, var fem blitt til fire. Den eine praktikanten måtte trekke seg, men kullet har likevel god spreiing i både alder og geografi.

ODA OLASDOTTER SUNDGOT (2001) FRÅ ÅL

Oda kjem frå Leveld i Hallingdal. Ho har ein bachelorgrad i grafisk design og illustrasjon frå Kunsthøgskulen i Oslo. Vidaregåande tok ho lenger vekke, på United World Colleges i Costa Rica.

- Formidling har alltid vore viktig for meg, gjennom å skrive, teikne eller gjennom heilt andre kanalar. Eg vil vere med på å fortelje historier. Dessutan likar eg historie, særleg den som omhandlar vanlege menneske.

Ho har ei klar meining om at nynorsk er eit språk som passar godt til nyhende. Det er klart og tydeleg, og lett å forstå.

- Nynorsk er viktig for meg. Eg ser på det nynorske språket som ein viktig del av min identitet, seier Oda.

JOHAN KNUTSEN (1991) FRÅ KARMØY

Johan er opphavleg frå Karmøy, men har budd i Bergen sidan 2012. Der har han studert litt av kvart, jobba hist og her og farta rundt som utøvande musikar. - Det har vore ei sann fryd, men no er tida moden for å setje mine luftslott i pant!

Så lenge Johan kan hugse, har han vore oppteken av menneske og historiene dei fortel. Interessa vart forsterka då han jobba i Memoar, ein organisasjon som samlar og formidlar munnleg historie. Det var medan han jobba der at ideen om å bli journalist tok tak.

- I vår fullførte eg mastergraden min i kulturvitskap på UiB, og då var tida moden for å søke praktikantplass i Førde.

Johan er nysgjerrig og elskar å undersøke, utforske og setje saman ulike idear og kunnskap for å sjå eit større og meir nyansert bilde. - Som journalist håpar eg å kunne nytte mine kreative evner, treffe nye menneske og samtidig bidra til eit levande nærmiljø.

MARITA B. LIABØ (1971) FRÅ NESODDEN

- Eg er utdanna lektor i engelsk og norsk og har hatt mange ulike jobbar, blant anna som lærar, sjølvsagt, og postbod. Men eg har alltid skrive - romanar og noveller, kronikkar, spaltar, intervju og alskens. I 18 år har eg vore fjernsynstekstar i NRK, og dei siste åra har eg i tillegg lese korrektur i Dag og Tid, der eg òg skriv eit og anna.

Eg vaks opp i Førde, men har levd eit rotlaust liv i Bergen, i Oslo og på reise. Foreldra mine og størstedelen av familien bur i Nordland, mens eg bur i eit trekkfullt, lite rekkehus på Nesoddtangen med mann og fire ungar som ikkje lenger er ungar.

Å få vere praktikant ved Nynorsk avissenter er reine heimvendingseventyret. Eg søkte om praktikantplass ved Nynorsk avissenter i eit freidig augeblikk der eg tenkte at dette er draumen: ei intensiv, kompakt avis- og journalistfagleg utdanning. Eg jublar over å ha fått plass, og målet er at eg - med alt vi lærer og får trent på - får fast jobb innan journalistikk eller formidling og får 18 gode år der.

EROS MAGNUS CORATTI (1992) FRÅ BERGEN

Eros har bachelorgrad i journalistikk med hovudvekt på tv og radio frå Høgskulen i Volda. Han har jobba litt frilans, og teorien har han inne etter journalistutdanninga.

No gler han seg til å komme til Førde for å få den praktiske opplæringa som Nynorsk avissenter og Firda kan gje han. Målet er jobb i ei nynorskskrivande avis, gjerne ei lokalavis.

- Eg er ikkje så veldig stødig i nynorsk, men eg skal bruke tida fram til januar å trene, både ved å lese, skrive og om mogleg tenke nynorsk.

Tre søstertiltak

- **NRK Nynorsk mediesenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2004. Samlokalisert med NRK Vestland i Førde. Senteret er modell for NRK FleRE og Nynorsk avissenter. Leiar: Rune Fossum Lillesvangstu.

- **NRK FleRE** – for rekruttering og opplæring av fleirkulturelle journalistar for nett, radio, fjernsyn og sosiale medium. Fem–sju praktikantar i året. Oppretta og drive av NRK sidan 2008, samlokalisert med NRK Oslo og Viken i Oslo. Leiar: Iram Ansari.

- **Stiftinga Nynorsk avissenter** – for rekruttering og opplæring av nynorskbrukande journalistar for nett, avis og sosiale medium. Ti praktikantar i året. Oppretta av Amedia/Firda/Vinjefondet i 2013. Kom inn på statsbudsjettet i 2015. Samlokalisert med avisa Firda i Førde. Leiar: Ingunn Osland.

NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter samarbeider om opplæring og gjesteførelesarar i ulike emne om nynorsk som mediespråk, journalistikk og etikk. Søkjarar som søkjer begge opplæringane, vert kalla inn til intervju i Førde same dagen. Kjem dei inn hjå begge, må dei sjølve velje kvar dei vil gå. Sams søknadsfristar 15. april og 15. oktober.

Førde, 15. mars 2024

Ingunn Osland, dagleg leiar

Kai Aage Pedersen, styreleiar

Stiftinga Nynorsk avissenter
Post- og fakturaadresse:
Storehagen 10, 6800 Førde.
Telefon: 911 49 821 (dagleg leiar)
Org. nr.: 914961181

Nynorsk AVISSENTER

Følg oss på www.nynorskavissenter.no og på sida vår på Facebook og Instagram